



Godkjenning av arkivplan for Selje kommune

Bakgrunn for saka:

Eit offentleg organ skal til einkvar tid ha ei ajourført arkivplan som viser kva arkivet omfattar, og korleis det er organisert. Arkivplanen skal også vise kva instruksar, reglar, planer o.s.b. som gjeld for arkivarbeidet.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Arkivforskrifta § 2.2.

Aktuelt sakstilfang:

Arkivplan.

Saksutgreiing:


Arkivplanen dokumenterer arkivorganiseringa i Selje kommune, oppbygginga av arkivet og reglar for korleis dette vert administrert. Arkivplanen vert oppdatert fortløpande og minst ein gong pr. år. Den oppdaterte arkivplanen vert journalført.

Det daglege arkivansvaret for Selje kommune si arkivteneste ligg hjå arkivleiar. Det overordna ansvaret for arkivet ligg hjå rådmannen.

Vedtak:

Arkivplanen for Selje kommune blir godkjent slik han ligg vedlagt, og planen skal gje bindande retningsliner for all handsaming av informasjon og dokumentasjon i kommuna.

Selje, 15.september 2017


Ørnulf Lillestøl
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur